

O forna tider! O, forna tiders kvinnor! segjer Selma Lagerlöf i Gösta Berlings saga. Det kjem som eit utbrot, då ho skal fortelje om ballet på Ekeby, der den vene Marianne Sinclair gir det unge hjarta sitt til Gösta.

Orda rann meg reint uviljande i tanken ein dag eg var på tur opp gjenom Verdalen og stana ei stund ved Skjækerfossen. O, forna tider! tenkte eg. Der stod ruinane av smelteomnane; der låg slagghaugane

**En storhetstid som er  
forsvunnet og en  
gammel mann  
som er igjen.**

## En visitt til de gamle Skjækergruvene i Verdal

— og jamenn gjekk det ikkje ein gammal man der og stulla og mintes. Eg retta litt på Selma Lagerlöf og tenkte: O, forna tiders menn!

Mannen såg ut som om han kunde ha eit og anna å fortelje — og vi gjekk bort til han og helsa. Johan Holme heitte mannen — og han var langt borti dei otteti nu.

— De har gjerne vore med og arbeidt i Skjækergruvene, De? fråga vi.

— Jaha — jau, han hadde då det. — Det var liv her den tida? — Liv? Jau, det skulde eg meine.

Kallen rugga litt på hovudet og sag seg i kring. Og mintes.

— Det stod tri mannskapsbrakker bortpå her då, fortalte han, og peika. Det var grøn eng der han peika, 'delvis slege og hesja; men ikkje teikn til nokor brakke nu.

— Var det mange mann i arbeid då?

— Tja — ein femti seksti mann var det vel ei tid. I største brakka var det kring tretti mann. —

— Gifte? — Nokre so. Men det var berre eit par som hadde kjerring og unger med. Det var innrødd eit kammers at ei familie i storbrakka. — — De hadde kokk som stelte åt dykk då?

— Hahaha — nei, kokk var vi sjøl. Det var helst å slenge kjelen over slagglompen, det — so kokte han opp med vi arbeidde. Det var sjeldan tid til nokor lang matkvil.

— Ingen ottetimersdag altså. Men betalinga da?

— Det var kr. 1.80 for dagsing — og tok vi akkord kunde det bli 2.20 til 2.40. Med smeltinga, ja. — Oppi

Skjækerfossen i Verdal.

«gruven» kunde vi slit' til 3 kroner og vel so det.

— Det vart helst å leve på kaffe og kak' da truleg?

— Vart helst det, ja. Og sa ha' vi nu flesket, da. Amerikansk flesk — det var feidt og godt. Det var det som heldt hold ti oss.

— Men sild da?. Silda skulde da vera bra kost?

— Visst er det bra kost, men — vi ha ikkj' nå podet, sju. Og da bli det sterkt. — Men so brukt' vi kål-bull somtid.

— Kålbull?

— Ja. Du veit ikkje ka det er du, kanskje? Men det skal eg segja deg. Det er steikflesk med bra feitt — og so laga vi til ei kvitmjølsrøre og slog oppi der og kokt' det ilag. Det var god kost.

— Røre av kveitmjøl og mjølk, da — og kanskje egg? fråga eg.

— Hahaha, lo Johan, nei, det var ei tjukk rør' ta veitmjøl og vatn — og når det kom høgt, hendt' det vi ha' eit egg eller to. Men det avlas ikkj' so mykje egg den tida, skal eg segj' dokk. — kerfossen. Stugulon og uthus ram-

Nu er det landhandleri og Skjæmer inn eit tun, som vanleg på ein trøndergard. Andre bygningar er der ikkje nu. Men berre for ein femti år sidan var der mannskapsbrakker og tri smelteomnar på mælen imot fossen. Murrester av den eine står igjen. —

— Men den som stod bortanfor var større, fortel gamle Johan. Nikkelen vart smelta tri gonger, før dei skipa han til England. Det var engelsk kapital som dreiv. —

Av  
Sigrun  
Okken-  
haug.

— Kva fyra dei opp omnane med da?


— Koks. Dei køyrde koks frå Skånens i Frol — fra båtan' som la til der. Det var helst på vinterføre.

— Frolingar som køyrde då?

— Aja — det og. Elles var det arbeidsfolk og køyrarar frå dei nærmaste bygdene. Det var liv her den tid, sukker Johan. Han tregar på drifta som vart nedlagt — han hadde vel og vona på at arbeidet skulde bli oppteke igjen, og vorte vonbritten som så mange andre. So hadde han reist ut — til Foldalsgruvene og til Rørros.

Men han vart heimkalla frå Rørros, då det skulde skjerpes i Aker-vollgruvene — det var koparkis der. Og Rørros-verket dreiv der i to år; men måtte so legge ned, fordi det var for lite kis. Det vart ikkje løn-somt å drive.

— Her brente dei svovlen tu steinen, fortel Holme og sparkar borti ein steindunge; «det vart ein innmari sterk røyk tå det, fortel han vidare.



Johan Holme framfor ruinane av ein smelteomn ved Skjækerfossen.

— Men skogen då, — tørka han ikkje bort? spør vi og ser på dei grønne liene rundt ikring.

— Du ser nu det, segjer Holme og slær ut med handa, — det var tjukke granskogen opp gjenom lia her den tid. — Ja, nu tar det til å koma ei og onnor smågrana igjen.

Og det er sant — millom all olderskogen ser ein nu ein og annan grantoppen. Det blir vel skog igjen, meiner Holme. Det vart ikkje erstatingssak for skadd skog den tid. Men verket kjøpte skogen. Dei trong tømmer, og ved til garomnane.


— Garomnane?

— Ja, det var som ei ettersmelt-ing der, sju —.

Nu er Holme heime igjen. Og sonen eig husa der «befalet» budde i stortia — attåt jorda der brakkenne

Forts. side 21.

Elva har gravd veg gjennom leiret.



## En visitt til de gamle - -

Forts. fra side 15.

stod. Fossen er berre eit steinkast unna. To gutar står der oppe med ei fiskestong — kanskje slenger dei på land ein aure nu og da —; men elles velter fossen seg utover, kvit og brusande. Ingen har bunde han, ingen har teke i bruk dei mange hestekrefter. Ein kjem reint uviljande til å tenkje på om ikkje alle desse ubrukte hestekreftene — om ikkje desse kvite kola — kunde gjera ei ny drift lønsam? Dei nye tider med nye driftsmåter?

Litt lenger ned i dalen er tomtene etter Malsågruvene. Der var koparkis — og dei var i drift so seint at Johan Holme sovidt minnes dei. Han var gjøtargut, då drifta i Malsågruvene stana. Og i år er det nett femti år sidan drifta i Skjækergruvene stana. Akervollgruvene er heller ikkje meir. Men dei nye tider. —

Vi ser på Johan og minnes «kålbullen» og arbeidstid og arbeidspengar. Om dei nye tider har nye driftsmåtar, so har dei óg nye krav — kanskje dette med lønsomheita likevel vil vis seg å vera noko problematisk?

— Det kunde vel ikkje bli so mykje å legge opp til alderdommen den tida? spør vi.

— A nei — men vi greidde oss. Vi greidde oss bra óg. Og nu er det inga sak — eg har pensjon nu, seiger han. Og augo stråler imot oss.

— Pensjon? Vi er litt fortulla og skynar ikkje straks kva han meiner.

— Ja — alderstrygd. Eg har tretti kroner månaden — og det er fint, kjem det glad.

— Det blir litt til tobakk óg då, skjemter vi.

— Det blir både til tobakk og mat — og til eit og anna klæplaget med, seiger Johan i fullt ålvor. Det står ikkje på nu lenger, legg han til.

Han fortel at under krigen ein gong var det på tale å ta opp arbeidet i nikkelgruvene; men det vart berre med snakket. Og ei stund etter får vi høyre om bestyraren. Han budde i dei husa som står igjen ennu — korleis han sat dag etter dag, månad etter månad, år etter år og pussa analyseinstrumenta sine og var budd til å ta opp arbeidet på kort varsel. Han vilde ikkje tru at det verkeleg skulde vera slutt. Han er død nu for fleire år sidan — og instrumenta hans er rustne og lite tess idag.

Vi går ennu ein gong over slagghaugane, vi løfter på ein og annan klompen og tenkjer, at det hadde vel vorte anna til rafinering i dag kanskje — so kaster vi steinen bortidungen og ser over mot fossen, der guten nett slenger snøret på land. Fekk han fisk tru?

Eit ferierande billag held kaffearast nedmed den gamle smelteønnen. Slaggdungen er ikkje so varm at kjelen koker sjølv seg lenger — dei har tendt bål og koser seg. Litt lenger borte har nokre av landevegens faste «reisende» slege leir. Ein svartsmusket kar står og prater med ei blomstrande gjente, og ser etter oss.

Vi tar avskil med Johan, og tar so til med farten nedover dalen igjen. Vi kjem dit elva har grave seg ned i leiret — der leirmølane står som blågrå bergvegger, og åker og eng veks grøn og frodig heilt utpå yste kanten. Dei er jamenn ikkje

skvetne dei som sår og høuster ner. Det ser ut som om helle jorda kan rase ut og drive lveg for ei god regnskur.

Men ein venner seg til alt — ein venner seg truleg til å bu utpå leirmølane med.